

Kommentarer til reguleringsplan for "Leiknes-Midtgård" GNR 196 BNR 004 m.fl.

I samband med planframlegget for "Leiknes-Midtgård" GNR 196 BNR 004 m.fl. vil vi kome med nokre merknader/innspel. Vi bur på BNR 118 som vart innlemma i planområdet utan at vi vart spurt eller informert på førehand. I desember 2003 inviterte utbyggjar til drøftingsmøte på Leiknes skule. På dette møtet hadde dei inviterte mange kommentarar og innspel. Likevel er det nye planframlegget så og seie identisk med det gamle.

1. Vannrett på BNR 004.

Vannretten til huset vårt kjem frå borehol som ligg på BNR 004. Borehol og vannledning er teikna inn på vedlegg 1.

2. Vegrett

Den opprinnelege vegen til huset vårt er ein over hundre år gamal kjerreveg som går frå huset og opptil Fv.391. Vi har framleis denne vegretten og meiner at vegen bør takast vare på (Sjå vedlegg 1). Denne er òg ein del av ein kjerreveg som knytter Naustdalen og Midtgård (Dalebygda) saman.

3. Foreslåtte grøntareal.

Dersom utbygginga skjer etter planforslaget bør kommunen ta ei synfaring på foreslåtte grøntareal. Dei fleste grøntområda ligg anten i støysona til E39, tett i Fv391 eller i svært ulendt terreng. Ved utbygginga bør ein òg legge til rette for tilkomst til LNF.området på andre sida av E39, anten ved over- eller undergang.

4. FL 1 på reguleingsplan.

Ved det gamle naustet er det eit flott område som er planlagd til felles leikeareal. Vi ynskjer ikkje bilveg med snuplass i tilknytning til felles leikeareal då dette vil føre til unødig mykje trafikk i leikeområdet.

5. Fortau / sykkelsti.

Med små born i huset er vi bekymra for den auka trafikken ei slik utbygging vil føre med seg. Vi bed om at det blir gjort nødvendige tiltak **før** anleggsarbeidet tek til.

Utbygginga er foreslått i eit område med dels veldig kupert terreng. Vi ber kommunen vurdere reguleringsplanen i høve til sine egne;

"5+5 HOVUDPRINSIPP FOR BYGNINGS- OG UTEMILJØ" frå 2002.

Sitat: "Landskapet.

Ta vare på eksisterande terrengform, bekkefar, vegetasjon og andre naturressursar på tomtar og i nabolaget."

Med helsing Oddbjørn Angelskår og Karianne Toppe Angelskår, 5915 Hjelmsås

Kopi: Fjordglytt Eiendom AS v/ Robert Sagstad, Mjåtveitflaten 35, 5918 Frekhaug.